



Årdal kommune

## Lokale retningslinjer for motorferdsel i utmark

**Utfyllende retningslinjer for bruk av snøscooter og helikopter i Årdal kommune i høve nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag §§3,5 og 6.**

**Vedteke i kommunestyre 26.11.2009.**

Formålet med **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr 82**, er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremma trivsel, jmf lova sin § 1. Etter lova sin § 3 er motorferdsel forbode, om ikkje anna er bestemt av lova eller vedtak med heimel i lova. Kommunestyre kan gje utfyllende retningslinjer for motorferdsel i eigen kommune.

Heimel for å fastsetje retningslinjer for bruk av motorkøyretøy på vinterføre i utmark, er gjeve i *Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag* §§ 3,2.ledd og 7. Heimel for å fastsetja retningslinjer for landing med helikopter og sjøfly i utmark etter søknad, er gjeve i Lov om motorferdsel i utmark § 5. Bruk av motorkøyretøy på bar mark utanfor veg (t.d. ATV), er regulert av forskrifta § 2.

### 1. Tidsavgrensing

Snøscooterkøyning, helikoptertransport og landing med sjøfly (som vert omfatta av lova) er i utgangspunktet uansett forbode:

- på sundagar
- 24. og 25. desember og 1.januar.
- i perioden skjærtorsdag til og med 1.påskedag.
- i perioden 1.mai til 1.desember (gjeld snøscooter)

Dispensasjon frå desse tidsavgrensingane kan gjevast til ervervsmessig køyring eller dersom det føreligg særleg tungtvegande grunnar.

Ein gjer merksam på at avgrensingane ikkje gjeld for køyring som er heimla i lova §4.

### 2. Ervervsmessig transport (leigekøyning)

Mest mogeleg av snøscootertransporten i kommunen etter §§ 5 og 6 i den nasjonale forskrifta skal kanalisert til ervervsmessig transport. For å oppnå tilfredstillande fleksibilitet på denne tenesta kan det tildelast fire til fem ervervsmessige løyve i kommunen. Ved tildeling skal det leggjast vekt på ei rimeleg geografisk fordeling. Søkjarar som allereie har snøscooter t.d. i næringsverksemd eller som har røynsle frå regelmessig køyring i samband med oppsyn, redningsteneste og liknande bør prioriterast.

Tildeling av løyve til ervervsmessig køyring skal gjelda for tre år om gongen. Søknadsfrist for løyve er 1. september. For kontrollomsyn skal det førast logg over leigekøyning.

### 3. Omsyn til sårbare område

Høgfjellsområde som ligg ovanfor tregrensa, med unntak av stølsgrendene, bør i størst mogeleg grad skjermast mot motorferdsel. Det må i denne samanheng utvisast særskilt omsyn til villreinen sine trekkvegar, beite- og kalvingsområde, jmf § 1 i lova.

### 4. Val av trasear for køyring

I område der snøscooterkøyning skjer regelmessig bør ein leggja vekt på å nytta faste trasear som er minst mogeleg til ulempe for naturmiljø og friluftsliv. Der det ikkje er faste trasear skal all snøscootertransport nytta kortast mogeleg trase mellom bilveg og endepunkt for transporten.

## 5. Søknadsskjema

Elektronisk skjema for dispensasjon ligg på kommunen si heimeside ([www.ardal.kommune.no](http://www.ardal.kommune.no))  
Frist for å søkje er seinast ei veke før transport skal finna stad.

Om søknad ikkje vert sendt elektronisk, skal fylgjande opplysningar gjevast:

- Namn på søkjar, adresse og telefonnummer
- Type og registreringsnummer på køyretøy (gjeld snøscooter)
- Føremål med transport/køytinga
- Dato/tidsrom for køytinga
- Kva område/strekning transporten gjeld
- Kart med innteikna køyrerute

Når tidspunkt for transport er usikker (ikkje datofesta), kan kommunen gje løyve med krav om at søkjar skal gje tilbakemelding når transport skal finne stad.

Det skal og gjevast melding til kommunen, om det vert avvik frå dei vilkår som er gitt.

## 6. Funksjonshemma

Det kan gjevast løyve til einskilde turar med snøscooter for funksjonshemma knytt til tidspunkt og reisemål. Det må ligga føre legeattest før slikt løyve kan gjevast.

## 7. Særlege grunnar for løyve til landing med helikopter og sjøfly i utmark

a) Etter søknad (i trå med dei kommunale retningslinene):

- Nødvendig transport i samband med vitenskaplege undersøkingar etter oppdrag frå forskingsinstitusjonar.
- Transport av funksjonshemma. Vilkår: det må ligga føre legeattest før løyve kan gjevast.
- Transport ved bygging i samsvar med byggjeløyve og reparasjonsarbeid av bygningar i utmark.
- Transport av massemedia på reportasjeoppdrag.

b) Etter melding:

- Øvingar i samband med redningsteneste og forsvar.
- Nødvendig transport i samband med større anleggsverksemdar.
- Offentleg oppsyn- og tilsynsteneste.

## 8. Delegering og sakshandsaming

Avgjerdsmynde i saker som gjeld ervervsmessig løyve, unntakstilfelle etter § 6 i den nasjonale forskrifta, eller dispensasjonar i høve vedtekne kommunale retningslinjer, er delegert til Formannskapet (jfr K sak 039/07). Avgjerdsmynde i enkeltsaker som ikkje har prinsipiell betydning etter § 5 i den nasjonale forskrifta, og § 6 i Lov om motorferdsel i utmark med utgangspunkt i ovannemnde vilkår, er delegert til rådmannen. Rådmannen får og mynde til å dispensera frå dei kommunale retningslinene i høve til § 3 i *Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag*.

## 9. Handheving, oppsyn og straff

Kontroll med at motorferdslelova vert følgd ligg hjå politistyresektorene. Men også kommunen bør foreta kontrollar og formidla informasjon som sikrar at lover og reglar vert respektert.

Den som bryt lova, forskriftene eller dei ovannemnde utfyllande retningslinene for Årdal kommune, kan etter § 12 i *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag straffast med bøter*.